



## FIKSELOFTET

Ønsker du hjelp med småreparasjoner av klede eller andre tekstilar? No er det hjelp å få!

Os frivilligsentral, BUA Bjørnafjorden og Os Husflidslag startar opp med «Fikseloftet» i Det gamle kommunehuset.

Første fiksekveld blir torsdag 11. april 2024. «Fikseloftet» vil vera ope frå 17.30-21.00, velkomen innom!



Dette blir eit sosialt møtepunkt, med fokus på gjenbruk, og rom for småprat rundt kaffikoppen.



Vi stiller med symaskiner (inkl. sytråd), sakser og synåler. Og sjølvsagt frivillige som hjelper til 😊

Du stiller med det som skal fiksast, og det du elles treng for å kunna fiksa det (t.d. stoffbitar, garn, knappar, glidelåsar osv.).

Du er hjarteleg velkomen 😊

Har du spørsmål, kan du ta kontakt på telefon 481 68 677 (BUA).



## FRIVILLIG PÅ FIKSELOFTET?

Likar du å fiksa og reparera med nål og tråd, på symaskin eller for hand? Vi planlegg å få i gang eit «Fikseloft» i Os Frivilligsentral!

Her kan folk koma for å fiksa eigne ting (klede eller andre tekstilar), og ein kan også hjelpa til med å fiksa godt brukt BUA-utstyr som treng litt ekstra omsorg for å kunna lånast ut vidare...



Vi planlegg å ha ein fiksekveld på våren, og ein på hausten.

**Første fiksekveld blir torsdag 11. april 2024 kl. 17.30-21.00, i Det gamle kommunehuset.**

Har du lyst å dela din kompetanse på søm og småreparasjonar? Fikseloftet treng DEG

- som har lyst til å hjelpa andre ved rettleiing, eller
- som har lyst til å hjelpa til med å fiksa aktuelt BUA-utstyr

Vi stiller med symaskiner og enkelt reparasjonsutstyr.



Er du interessert?

Ta gjerne kontakt for å høyra meir på telefon 481 68 677 (BUA)